

**Til stades:** Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar  
Helene M. Bolstad - nestleiar, Hilde Reitan, Olav I. Mjelva,  
Tove Leinslie, Thor Hauknes – 3.vara

**Frå administrasjonen:** Linda Dyrnes, dagleg leiar, Eivind Kaasin – tillitsvald, Marit Vestrum under sak 45, Anbjørg Myhra Bergwitz under orientering om dei nye nettsidene, og Sigurd Reinton orienterte om status Folkelarm.

**Tid:** Onsdag 10. september 2014 kl.10-16

**Stad:** Schous, Oslo

## Referat

**Styresak 2014/43 Innkalling og sakliste**

**Styresak 2014/44 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) Orienteringar
- b) Rekneskapsrapport med merknadar
- c) Frifond – orientering om tilskot
- d) Billettar Meisterkonserten
- e) Styremøtet i desember, på kva måte legg vi det opp?

**Styresak 2014/45 Årets folkemusikkarrangør**

**Styresak 2014/46 Samarbeid mellom Nordlek og Nordisk folkemusikkomité**

**Styresak 2014/47 Eventuelt**

### **Styresak 2014/43 Innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

### **Styresak 2014/44 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) **Orienteringar**
- b) **Rekneskapsrapport med merknadar**
- c) **Frifond – orientering om tilskot**
- d) **Billetter Meisterkonserten**
- e) **Styremøtet i desember, på kva måte legg vi det opp?**
- f) **Nordisk konferanse om immateriell kulturarv, skal FolkOrg vere medarrangør?**
- g) **Omlegging av informasjonsarbeidet – status og kikk på dei nye nettsidene.**
- h) **Eventuelt**
- i) **Folkelarm**

Vedtak: *Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:*

- a) Hilde og Thor er i gong med å ta kontakt med Olav Thon for å få sponsor til Meisterkonserten i operaen
- b) Ingen merknadar
- c) FolkOrg fekk mindre Frifondmidlar i år, då fleire av laga våre ikkje hadde nok medlemmer under 26 år.
- d) Medlemmene i styret kan få ein billett kvar til bruk til seg sjølv og ha moglegheit til å kjøpe ein billett frå dei reserverte billettane i tillegg. Styret må så snart som mogleg seie frå om de treng billetter.
- e) Vi legg opp til todagarsmøte med både administrasjon og styre.
- f) FolkOrg blir med på å arrangere Nordisk konferanse om immateriell kulturarv i samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Norsk kulturråd og Nordisk folkemusikkomité.
- g) Eivind Kaasin og Anbjørg Myhra Bergwitz la fram status i arbeidet med dei nye nettsidene og viste oss utkast.

- h) Mari Skeie Ljones og Jan Heier var til stades under feiringa av Egil Bakka, dei ga ei musikalsk helsing. Per Øyvind Tveiten var til stades då Jan Petter Blom vart utnemnd til Riddar av første klasse, han fekk ei blomehelsing.
- i) Sigurd Reinton orienterte om status for Folkelarm. Det har vore problem med nettsida, men han står hardt på for å rette opp dette. Med unntak av at vi ikkje veit billettinntekter og inntektene frå sal av delegatpass, har han økonomien under kontroll.

### **Styresak 2014/45 Årets folkemusikkarrangør**

Vedtak:

Styret vedtek å nominera fylgjande tre folkemusikkarrangørar til prisen for årets folkemusikkarrangør – i alfabetisk rekkefølge:

1. Førde
2. Kalottspel
3. Ål

Vinnaren er: Kalottspel

### **Styresak 2014/46 Samarbeid mellom Nordlek og Nordisk folkemusikkomité**

Vedtak: Styret i FolkOrg stør opp om vedtaket frå Nordisk folkemusikkomité om at vi ikkje vert med på ein felles søknad om nordiske nettverksmidlar saman med Nordlek. FolkOrg er derimot positive til å samarbeide nordisk i konkrete prosjekt som kjem feltet til gode og som er naturlege for FolkOrg å ta del i.

### **Styresak 2014/47 Eventuelt**

**Olav Luksengård Mjelva:** Forslag til medlemsfordel; medlemspris på øvingsrom på Øvingshotellet

**Thor Hauknes:** Har gjort framlegg om eit online noteprogram som medlemsfordel. Det har vore testa ut av fleire i styret. Styret i FolkOrg går inn for at vi tilbyr det som ein medlemsfordel.